

Tilbakemelding ang. prosjektet "Folketonar i ventetid"

som er gjennomført på Strandebarm skule

av Reidun Horvei

På Strandebarm skule har me hatt besøk av Reidun Horvei i 5 veker i november og desember 2014, 2 dg pr veke, der ho har øvd med elevar i 1.-10.kl og framført prosjektet "Folketonar i ventetid" med konsert for foreldre og bygdefok sundag 07.12.14. Skulen vår er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 157 elevar. Prosjektet har prega skulekvartdagen til elevane og arbeidet til lærarane. Elevane har generelt sett sunge mykje meir i skuletida under prosjektet enn elles, for songane måtte øvast på, også utanom dei fastlagde øvingstidene i prosjektet, elles kom ikkje elevane til å læra songane skikkeleg. Dette var Reidun veldig tydeleg på, og ho sende ei lydfil som blei brukt i klassane som ei god hjelp undr innlæringa.

Som lærar i ungdomsskulen ved Strandebarm skule, fekk eg bra innsikt i reaksjonar på prosjektet både blant elevar og lærarar. I klasserommet var det vanskeleg å få lyd i elevane då dei skulle øva, og det var heller ikkje så sterk korsong under framføringa av denne elevgruppa som det var av dei lågare klassetrinna. Dette er slett ikkje unormalt for aldersgruppa! Nokre lærarar har i ettertid lurt på om dette prosjektet kanskje best eigna seg til gjennomføring i barneskulen. Ungdomsskulelærarane syntest også det gjekk mange timer med til prosjektet før jul, før tentamen og avsluttande terminprøvar i mange fag.

På den andre sida opplevde eg at svært mange ungdomsskuleelevar syntest det var positivt å vera med. Dei såg ut til å lika Reidun veldig godt med den friske og litt røffe måten ho behandla dei på, og som trefte dei. Ho var myndig og hadde autoritet og det gjorde til at elevane fekk respekt for henne, og at ho fekk gjennomslagskraft for kvalitetskrava ho stilte. Eg fekk til og med spørsmål i ettertid om kvifor ikkje ho hadde sagt farvel til akkurat vedkomande elevar som eg snakka med. Dei fekk ikkje teke skikkeleg avskil med henne, følte dei. Det er eit godt skussmål frå ungdomsskuleelevar. Folketonar er ikkje akkurat "hip" blant ungdomsskuleelevar generelt, men Reidun klarte tilpassa stoffet til tenåringar på ein flott måte ved å la dei få små deklamasjonsroller som trefte dei i innhald og form, og ho gav andre elevar solistroller som rørt ein ungdomsskulelærar til tårer under innøvinga, og ikkje minst: Ho løfta fram desse elevane på ein positiv og trygg måte. Eg observerte sjølv ungdomsskuleelevar som i løpet av prosjektet gjekk i gongen og plystra på folketonar og verka veldig tilfredse. I etterkant har det blitt kravd av gymlærar at han skule syngja ”å turka og mala og baka da te brød...” på stupebrettkanten, til stor moro for elevane.

Det er nok ikkje lett å måla effektar av kulturelt arbeid, men eg har stor tru på at nettopp slikt arbeid er viktig, også for ungdomsskuleelevar, fordi norsk skule heile tida møter dei med krav om å nå mange kompetanseomål i kvart fag, dei må kunna grunngje sine val i skulearbeidet og bli vurderte etter kriteriar i alt sitt arbeid. Då kan det vera godt ”å få syngja litt” fordi ”det gjer oss glad,” som det står i ein gammal skulesong. Elevane fekk altså møta andre typar krav,

der dei måtte yta *i fellesskap* for å få kvalitet. Presset på den enkelte elev vart erstatta av forventningar om å yta for å laga eit godt, felles resultat.

Mange lærarar syntest det var kjekt å gjennomføra prosjektet og hadde forventningar til framføringa som dei syntest vart innfridde. Dei fleste var svært fornøgde og syntest at det var eit godt tiltak. Det vart også poengtert under lærar-evalueringa viktigheita av at profesjonelle musikkarar, forteljar og kvedar dreiv prosjektet fram med høg kvalitet.

Som musikklærar er eg svært takknemleg for å ha fått hjelp til å fokusera på folkemusikk fordi dette emnet blei svært redusert i musikkfaget i grunnskulen ved innføringa av den gjeldande læreplanen; LK-06. Personleg tenkjer eg at å få kunnskapar om vår eigen musikktradisjon, og ikkje minst få oppleva den gjennom profesjonelle musikkarar og kvedar, er svært mykje verdt for elevane si identitetsskapning, og kjensla av tilhøyrigheit i ein kultur. Dette vart faktisk også uttrykt av elevar i 8.klasse i ein musikktyme som eg hadde denne hausten.

Lærarane på skulen vår har ved fleire høve sagt at dei har fått svært mange positive tilbakemeldingar frå foreldre og konsert-gjengarar den 07.12 som syntest at dette var eit flott tiltak for borna deira, for bygda og for folkemusikken. Dei var imponerte over kva elevane hadde fått til, og det hadde sjølv sagt ikkje vorte same resultatet om det ikkje var for dei flotte fylkesmusikkarane våre! Tusen takk for at me fekk dette prosjektet!

Med venleg helsing

Margun Mikkelsen Tordal

-lærar ved Strandebarm skule-